



Inger Anne og Tommy Andersen
Trælandsvegen 26
5956 HUNDVIN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/928 - 19/2938

Saksbehandlar:
Rune Kilen
Rune.Kilen@lindas.kommune.no

Dato:
29.01.2019

Svar på brev vedk krav om erstatning i brev av 08.01.2019

Vi viser til Dykkar brev av 15. januar 2019 og tidlegare svar den 17. september 2017 på vårt brev av 13.9.2017, og vil gjere ei utgreiing av vårt syn på saka med utgangspunkt i påstandene som er satt fram i desse breva. Vi vil konsentrere oss om punkta d) og e) i brev av 17.9.2107.

Grunnen til at vårt brev om erstatningskrav vart sendt ut så lenge etter Dykkar tilsva 17. september 2017 er fleire. For det første tok det tid til vi fekk på plass betongentreprenør for å lage forstøtningsmuren, og enda noko tid før vi fekk oversikt over dei reelle kostnadane. Desse kostnadane er langt høgare enn framsatt krav på kr 75.000.- og det har vore ein intern diskusjon om kor stort kravbeløpet skal vere. Sidan kr 75.000.- vart nevnt i vårt brev av 13.9.2017, og basert på ein grovkalkyle frå entreprenør, så har kommunen vurdert dette som eit rimeleg krav i denne saka.

Vår heilt soleklare utgangspunkt er imidlertid:

Vi hadde ikkje fått skader på vegmuren viss ikkje det hadde vore gravd langs muren. Det har aldri vore registrert noko problemer med denne vegmuren før Dykkar tiltak.

Stikkveita

Det er feil som de påstår at det var semje på synfaringa 12.3 2017 om at på overvatn var hovudårsaka til skadane på vegmuren. Vi vedkjenner at stikkveita ikkje fungerte som den skulle, og vi tok affære rett etter med utbetring av denne. Men vi kjenner til fleire stikkveiter på det kommunale vegnettet som har tilsvarende problemer med lekkasje eller er tett. Dette treng ikkje vere eit problem så lenge massane rundt får vere i fred. Vatnet finn nye veger uten at det kjem skadar på vegen. Men når dei stabile massane ved murfoten vert fjerna, som på denne vegmuren, så finn vatnet enda nye løp og vasker ut grus og stein som bind dei største steinane saman. Så vår påstand er at det utgraving ved murfoten som er hovudårsaka til stabilitetsproblemene.

Muren nord for stikkveita

Tilsvarende som ved stikkrenna så vart det gravd ut ved murfoten som førte til instabilitet av vegmuren og fare for kollaps av heile anlegget. I Dykkar brev av 17.9 2017 i punkt d) og e) skriv de at det var lita av jorda som vart fjerna, berre jamna ut. Ut i frå bilete som vi har tatt så er det fjerna nesten 1 meter massar frå murfoten, og det kan synast som om gravemaskinskuffa har kome bort i fundamentsteinen slik at den har



kome ut av stilling. Vi ser at delar av murfoten er etablert på skråfjell, og at jorda som har lagt opp mot foten har stabilisert steinane i murfoten. Men som sagt før; viss dette ikkje vert rørt så får det liggje i fred og er stabilt nok til å halde muren på plass.

Rekkekant i betong

Det har og vore hevda frå Dykkar side at vekta av betongmuren som vart etablert oppe på vegen etter utgravinga av tomta var ein av årsakane til utglidinga av murfoten. Det meiner vi ikkje har hatt noko innverknad på det som har skjedd.

Ansvar

Vi har forståing for de som innbyggjarar ikkje kan ha den fulle og heile oversikt over lover og reglar som gjeld tiltak nær kommunal veg, som fleire pagrafer i veglova skildrer. Men det burde både Reknes Byggjevarer som ansvarleg søkjar, og ikkje minst Ragnvald Valle maskinstasjon som graveentreprenør kjenne til. Og når det gjeld vårt brev om «Svar på søknad om dispensasjon frå byggjegrense mot kommunal veg» så er dette kun ein vurdering av sjølve bygget sin plassering/avstand til den kommunale vegen og ikkje ein vurdering av tiltak på tomta. De som tiltakshavar er ansvarleg for kven de nyttar i søknads- og byggjeprosessen. Det betyr at det er de som eventuelt må gjere regress mot Dykkar konsulent og/eller entreprenør for å krevje inn beløpet som er satt fram som erstatningskrav frå kommunen. På grunnlag av ovennevnte og med hjemmel i veglova §§ 57-59 fastheld vi vårt erstatningskrav på kr 75.000.- Faktura er sendt ut frå vår fakturavdeling med betalingsfrist og mogeleg inkassokrav.

Med helsing

Atle Dingen
einingsleiar

Rune Kilen
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Anne Lise Molvik			
Atle Bruvoll Andersen	Trælandsvegen 24	5956	HUNDEVIN
Atle Dingen			
Kjetil Eikefet			
Ragnvald Valle maskinstasjon	Seimstranda 343	5912	SEIM
Reknes byggjevarer LL	Masfjordvegn 187	5986	HOSTELAND

Mottakarar:

Inger Anne og Tommy Andersen	Trælandsvegen 26	5956	HUNDEVIN
------------------------------	------------------	------	----------